



AGATUNET

Jostova i Agatunet
ID nr. 87213-5

Anne Lise Brask Eriksen
Bygningsvernkonsulent

Restaureringsrapport desember 2017





Restaurering av helletaket på Jostova.

Tilstand:

Rutehellene på taket til Jostova er truleg lagt i løpet av andre halvdel av 1800-talet. Undersøkingar av undertaket og sperr av det som var synleg frå loftslem, viste at konstruksjon, spesielt mot nord, var angrepen av mit og husbukk. Me var redd for at heller med dårleg feste skulle falle ned frå taket og tiltaket vart klassifisert som et strakstiltak.

Gjennomføring:

For året 2017 fekk Agatunet løyva eit tilskot frå post 72 freda bygg og anlegg, frå Hordaland fylkeskommune, til vøle av Jostova. Hausten 2017 starta arbeidet og heller vart demontert og merka. Det var sær store husbukk-skader på material på nordsida, men sørsida var i rimelig god stand. Mot sør var det bare i mønet og de øvste rastene trematerial vart skifta. Alle råte sperr vart fjerna og nye sperr kopiert og hogga til med øks, og elles vart alt råte og husbukkskada material skifta ut. Deretter vart hellene lagt på plass att nøyaktig slik dei låg. Nye renner vart hogga til av ein stokk og skorstein vart pussa for å unngå lekkasjar.

Funn:

Ved avdekking av heller på taket fekk me betre tilgang til å undersøke sperr med utskjeringar og material med hoggespor etter spretteteljingsteknikken. Me hadde oppdaga desse spora då me dokumentera konstruksjon før vøle. To ljoresperr som er ein del av tak-konstruksjonen i dag må være gjenbruk frå ei eldre stove, truleg den som vart bygga på staden i 1811 med gjenbruksmaterial får ei eldre stove. Dette var ei røykstove som seinare vart påbygga med ein full høgda med ei lita lem over. Påbygginga i høgda har gjenge føre ein gong på midten av 1800-talet. Før 1811 var stova, det vil si det som i dag er første høgda, truleg ein del av bygningen som sto i øvstetunet og som er skildra i gamle tekster. Desse ljoresperra kan dermed være gjenbruk frå den gamle mellomalderstova. På golvet på den vetle loftslem ligg der gamle bord, og nokon av dei har hoggespor etter spretteteljingsteknikken. Spretteteljing var ein hoggemåte for å få ein slett flate og var vanleg i mellomalderen. Desse golvborda er gjenbruk frå ein eldre bygning, truleg frå den gamle stova i øvstetun.

Fotodokumentasjon følgjer:



AGATUNET



Foto over viser takflate mot vest før demontering av heller. Foto under viser situasjon under hellene. Trekonstruksjonen er kraftig angrepet av husbukk og mit.





AGATUNET



Foto over viser råte sperr, under er ny sperr kopiert lik den gamle





AGATUNET



Utskifting av råte treverk på taket. Opphavleg konstruksjon vert kopiert.
Under vises takrenne som hoggas til av ein stukk.





AGATUNET



Takflater mot nord på foto over og mot sør på foto under etter vøle.





AGATUNET



Foto over viser sperr med utskjering for ljore. Dette fortel at sperr er gjenbruk frå ei røykstove før påbygging i høgda.

Foto under viser spretteteljing på golvbord og viser til gjenbruk av mellomaldermaterial.

